

RH Investments AS

Områderegulering med KU, Røbbervika i Fjord Kommune

Oppdragsgivar

RH Investments AS

Oppdrag

Reguleringsplan for landbasert oppdrettsanlegg

Rapport type

Planprogram

Prosjektnr.

20115

Dato

21.10.2020

Planprogram til høyring



RH Investments AS | Planprogram - områdeplan med KU for landbasert oppdrettsanlegg i Røbbervika, Fjord kommune


Innhold:	side
1 Bakgrunn	4
1.1 Lokalisering av planområdet	4
1.2 Bakgrunn for planarbeidet	4
1.3 Dagens situasjon	4
1.4 Planstatus	7
1.5 Kommunal behandling	8
1.6 Nasjonale og regionale føringer	9
1.7 Konskvensutgreiingskrav	10
1.8 Kunnskapsgrunnlaget	11
2 Planprogram	14
2.1 Plangrense	14
2.2 Plannivå for vidare planlegging	15
2.3 Utbyggingsformålet	15
3 Program for konsekvensutgreiing	17
3.1 Metode	17
3.2 Skildring av tiltaket	17
3.4 Konsekvensutgreiingstema	18
3.5 Ros-analyse	20
4 Planprosess	21
4.1 Medverknad	21
4.2 Framdriftsplan	21
4.3 Kunngjering og merknadsfrist	22

 <p>Projektnr: 20115</p>		Dato: 21.10.2020		
Status /Rev:		Dato:	Sign:	KS:
0	UTKAST	12.09.20	HH	
0	Til 1. handsaming	21.10.20	HH	
1	Revisjon – beskriv.			
Kontaktinformasjon: Nordplan AS Avd. Ålesund Notenesgata 14, 6002 Ålesund Tlf. sentralbord: 57 88 55 00 www.nordplan.no		Kundeinformasjon: RH Investments AS Havnegata 11, 6005 Ålesund. Tlf. 95 14 79 41 www.hofseth-as.no		
Projektleiar: Heidi Hansen		Sign: 		
Medarbeidarar:		Sign:		
Kontrollert av: Birgit Hamre Moe		Sign: 		

1 Bakgrunn

1.1 Lokalisering av planområdet

Planområdet ligg i Røbbervika ved innløpet til Sunnylvsfjorden i Fjord kommune.



Oversiktskart, planområdet er markert med raud sirkel.

1.2 Bakgrunn for planarbeidet

RH Investments AS har kjøpt eit større areal som m.a. omfattar den nedlagde olivingruva i Røbbervika. Firmaet planlegg å etablere eit landbasert anlegg i fjellhallar for oppdrett hovudsakleg av matfisk, men også smolt og settefisk, innanfor dette arealet. Ei slik etablering vil kreve reguleringsplan med konsekvensutgreiing då tiltaket har stort omfang både areal- og produksjonsmessig. Arealet er i tillegg uregulert, og planlagd bruk er ikkje i tråd med arealformålet i gjeldande kommuneplan.

1.3 Dagens situasjon

Planområdet omfattar landareal og gruver knytt til det nedlagde masseuttaksområde for oliven i Røbbervika i Sunnylvsfjorden. Anlegget blei etablert i 1982 som dagbrot. I 1999 blei anlegget utvida med underjordsdrift. Det har ikkje vore drift på anlegget sidan 2012. I 2018 la Sibelco ned drifta, og store deler av produksjonsanlegget blei rive og fjerna. I driftsfasen var det om lag 26 tilsette ved anlegget, og det var etablert ulike bygg som hadde tilknyting til drifta. Det er

etablert ei industrikai og ei mindre småbåthamn innanfor eigedomen. I tillegg er det etablert interne anleggsvegar, og gruvegangar i ulike retningar langs uttaksområdet. Området har ikkje køyreadkomst. Tilkomst går via sjøvegen. Anlegget har medført store, og synlege terregngrengrep langs fjellsida.




Foto som viser dagens inngrep knytt til olivinuttaget.





Næraste bebyggelse i vest er Liene i Stranda kommune, og Verpedalsætra i aust og Smogegardane i sør i Fjord kommune. Av desse stadane er det berre Liene som har fast busetnad. Området er elles omgitt av bratte fjell og sjø.




Oversketskart, nærmeste bebyggelse.

1.4 Planstatus

Området er uregulert. I arealdelen til kommuneplanen er deler av arealet sett av til område for råstoffutvinning og resterande LNF-område.

Planområdet grenser til Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet og verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap i aust og sør, og mot Sunnylvsfjorden i vest. Hovudtyngda av området med sjølve dagbruddet ligg utanfor landskapsvernombordet, medan gruvegangar under bakken strekker seg inn i landskapsvernombordet.



Utsnitt av gjeldande arealplan, arealet ligg utanfor verneområde (område u/skravur). Deler av arealet er vist som område for råstoffutvinning (lilla areal) og resterande er LNF-område.

Vestnorsk fjordlandskap med Geirangerfjorden og Nærøyfjorden vart innskrivne på UNESCO si verdsarvliste (World Heritage List) 14. juli 2005.

Nasjonalt vern som landskapsvernombordet dekkjer kravet som verdsarvkommisjonen set om langsiktig sikring av kvalitetane som grunnlag for verdsarvstatusen. Formålet med Geiranger-Herdalen landskapsvernombordet er å ta vare på eit særprega og vakkert fjord- og fjellandskap med eit rikt plante- og dyreliv, ta vare på viktige kulturlandskap der fjordgardar, setermiljø og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart, samt ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

UNESCO si grunngjeving for innskrivinga er:

«Kriterie (vii): Nærøyfjord- og Geirangerfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden. Deira unike venleik kjem av dei tronge delgangane med bratte krystallinske bergsider som strekkjer seg frå 500 meter under vassflata til 1400 meters høgde

over Norskehavet. Eit utoal fossar kastar seg utfor dei stupbratte fjellveggane, medan talrike frie elvar renn frå takkete fjell, brear og bresjøar, gjennom lauv- og barskog, og ned til fjorden. Eit stort mangfald av andre naturfenomen på land og i vatn med m.a. undersjøiske morenar og sjøpattedyr, forsterkar naturopplewinga.

Kriterie (viii): Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalitet for fjordlandskapa i verda. Storleiken og kvaliteten på desse fjordane kan samanliknast med andre fjordar på Verdsarvlista, og dei utmerkjer seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve. Området syner alle element av landformer knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda og framstår som velutvikla døme på ung og aktiv forming under istidene i Pleistocen (fyrste del av kvartærtida). Dei is- og bølgjeslipte overflatene i dei bratte fjordsidene syner framifrå eksponerte og samanhangande tredimensjonale snitt gjennom berggrunnen. Spora etter landhevinga og prosessar med utvikling av landformer etter istidene er omfattande og områda er sentrale for vitskapleg forsking på ustabilitet og rasfare..»

I føresegndene til arealdelen er det sagt at ein må ta omsyn til at massetaket ligg i randsona til verdsarvområdet, og at visuell verknad er viktig m.o.t opplevingsverdi av natur og fjord.

I forvaltningsplanen for vestnorsk fjordlanskap delområde Geirangerfjord , av okt. 2008 går det fram følgjande:

« Det har i lang tid vore utvunne oliven frå anlegg i Raudbergvika. I verneprosessen vart dette anlegget halde ute av verneplanen , og det vart i tillegg opna for mogleg utviding av anlegget i fjellet.

Forvaltningsmål og retningslinjer

Området skal vernast mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin karakter. Eventuelle luftesjakter i samband med underjordisk gruve drift skal nøye tilpassast i naturen slik at inngrepet ikkje blir vesentleg synleg i landskapet. Overbygg av sjaktene skal vere lite markerte og terrengetilpassa i høve til materialval og farge. Dei aktuelle områda for slike tiltak ligg i brukssona.

Søknad om løyve etter utarbeidd plan vurderast av forvaltningsstyremakta..»

1.5 Kommunal behandling

Planinitiativ er behandla i kommunen i formannskapsmøte 11.06.20, og det blei gjort følgjande vedtak:

«Fjord kommune viser til planinitiativet av landbasert oppdrettsanlegg og godkjenner oppstart av reguleringsplanarbeid for området som i kommunen er sett av til massetak og LNF-område..»

Det blei gjennomført oppstartsmøte 17.06.20, der ein m.a. konkluderte med at det må utarbeidast planprogram og konsekvensutgreiing.

Kommunen viser til at m.a. følgjande tema er aktuelle for utgreiing:

- ✓ Samfunnstryggleik, beredskap og konsekvens. (Åknes flodbølgjeproblematikk, brann/redning, geotekniske vurderingar.)
- ✓ Mineralforvaltning m.o.t massehandtering og ev. tap av olivinførekomst.
- ✓ Visuell verknad av tiltaket (nærleik til verdsarvområdet)
- ✓ Planen si avgrensing over og under bakken.

- ✓ Fiskehelse- og velferd.
- ✓ Rensing og utslepp.
- ✓ Transport på fjorden.
- ✓ Behov utanfor planområdet (straumtilførsel, lading, lossing/lasting, mv.)

1.6 Nasjonale og regionale føringer

Det er stort potensiale for vekst i havbruksnæring i følge SINTEF rapport «Havbruksnæringene i nord – Næringsutvikling og verdiskaping frem mot 2040.»

Havbruksnæringa er nasjonalt satsingområde, og i regjeringas havstrategi 2019, er FNs 2030 Agenda – Bærekraftmål 14 framheva: «En oppfordrer verden til å iverksette tiltak for å bevare og bruke hav og marine ressurser på en måte som fremmer bærekraftig utvikling».

Klimaendringar, tap av naturmangfold, forureining, marin forsøpling og spreiling av mikroplast påverkar verdshava og truer havmiljøet. Reduksjon av utslepp og tilpassing til klimaendringar er sentrale utfordringar. Landbasert oppdrett vil kunne bli eit viktig bidrag til ei bærekraftig utvikling av havbruksnæringa.

Føringer som er relevante for planområdet:

- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging.
- Lover og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystnære sjøområde.
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen.
- Akvakulturloven.
- Havne- og farvannsloven.
- Plan - og bygningslova.
- Naturmangfaldslova.
- Innskrivningsvedtaket på UNESCO si verdsarvliste (World Heritage List) 14. juli 2005.
- Samordna areal og transportplanlegging.
- Retningslinjer for behandling av støy i arealplanleggingen.
- Forurensningsloven med forskrift.
- Vannforskriften.
- Forskrift om konsekvensutredning etter plan- og bygningsloven, med veiledere.
- Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling.

I forskrift av 16.01.2017 om produksjonsområder for akvakultur av matfisk **i sjø** av laks, ørret og regnbueørret (produksjonsområdeforskriften), går det fram at Møre og Romsdal fylke tilhøyrer produksjonsområde 5: Stadt til Hustadvika. Produksjonsområdet ligg i raudt produksjonsområde, dvs. område kor det er nedjustering av tillatelseskapasitet. Dette pga. fiskehelse og luseproblematikk. (Kapasitetssystem/trafikklyssystem 2020, Fiskeridirektoratet.)

Av same forskrift går det fram at dette «gjelder ikke tillatelser til særlige formål etter forskrift 22. desember nr. 1798 om tillatelse til laks, ørret og regnbueørret kapittel 5 eller tillatelser til **landbasert oppdrett** etter kapittel 5 a.»

1.7 Konsekvensutgreiingskrav

Konsekvensutgreiingsforskrifta av 01. juni 2017 slår fast at plan eller tiltak som får vesentleg verknad for miljø eller samfunn skal konsekvensutgreia. Ein del tiltak skal alltid konsekvensutgreia og ein del skal vurderast.

Planforslaget medfører krav om konsekvensutgreiing med grunnlag i følgjande forhold:

1. Mengde masse som skal takast ut ved utsprenging av fjellhallar. Førebels vurderingar viser at ein er over 2 mill m³ som er grenseverdien i KU-forskrifta vedlegg 1 punkt 19. Tiltak som alltid skal konsekvensutgreia.
2. Næringsbygg med eit bruksareal på meir enn 15 000m². KU-forskrifta vedlegg 1 punkt 24. Tiltak som alltid skal konsekvensutgreia.
3. Etablering/lokalisering av oppdrettsanlegg medfører krav om konsekvensvurdering etter lov om akvakulturanlegg. Jf. KU-forskrifta vedlegg II, Jordbruk, skogbruk og akvakultur. I følge «Veileder for utfylling av søknad for tillatelse til akvakultur i flytende eller landbasert anlegg» blir anlegg større enn 3 600 tonn rekna som eit større akvakulturanlegg som skal konsekvensvurderast. Planlagd anlegg vil ha ein produksjon på 100 000 tonn rund fisk pr. år, og smoltanlegget vil produsere om lag 20 millioner smolt pr. år.
4. Dagens planformål i arealdelen til kommuneplanen er råstoffutvinning. Forslag er ikkje i tråd med formålet i arealdelen, og skal då vurderast etter § 10 i forskriften.



1.8 Kunnskapsgrunnlaget

Ku-forskrifta § 17 første ledd siste punktum seier:

«Konsekvensutredningens innhold og omfang skal tilpasses den aktuelle planen, og være relevant for de beslutninger som tas.»

I tabellen under er fagtemaene i § 21 i KU-forskrifta lista opp. Tabellen gir ei oversikt over kva som er relevante tema, dagens kunnskapsgrunnlag, og behov for kunnskapsoppdatering / ny kunnskap.

Utgreingstema/-fag	Kjent kunnskap	Utgreiingsbehov
Naturmangfold	Registrert kalkskog i Raudbergvika, og arter av særlig stor forvaltningsinteresse (bergasal, rognasal, dvergmispel) sårbare artar (brunburkne) nær truga (snau vaniljerot) større stortareførekomst (noko usikker registerering) Kjelde: Naturbase.no, Artsdatabanken, Yggdrasil, Fagraptorer.	Marint biologisk mangfold.
Økosystemtenester * (naturgoder)	Deler av området er registrert kalkskog, det er fortsatt rester av olivinstein i fjellet, og i sjøen er det m.a. fiskeressurser, og stortare.	Liten grad av konflikt med økosystemtenestene. Biologisk mangfold og naturressursar blir dekt av andre fagtema. Sjå under.
Nasjonalt og internasjonalt fastsett miljømål	Vannforskriften. Naturmangfold. Bernkonvensjonen, Ramsarkonvensjonen OSPAR-konvensjonen, bevaring og gjennoppretting av marint miljø. Forurensing FNs bærekraftmål	Blir dekt gjennom utgreiing av andre fagtema.
Kulturminne og kulturmiljø	Det er registerert fire SEFRAK-bygg i GIS-link. Plassebruket Røbbervik. Registrering er gjort i 1977. Bygningane er rivne etter at olivingruva blei etablert i 1983.	Ev. marinarkeologiske undersøkingar.
Friluftsliv	Ingen registreringar. Kjelde: GIS-link.no. Ingen bruk av landområdet, pga tidl. gruvedrift. Ferdsselsåre for fritidsbåtar i fjorden.	Nei.

Utgreiningstema/-fag	Kjent kunnskap	Utgreiingsbehov
Verdsarv og landskap	<p>Planområdet ligg i all hovedsak utanfor verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap og Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.</p> <p>Kjelde: Naturbase.no</p> <p>Framlegg til Geiranger – Herdalen landskapsvern-område, verneplan og konsekvensutgreiing. Fylkesmannen i MR, 2003 Forvaltningsplan for vestnorsk fjordlandskap, Geirangerfjordområdet, Møre og Romsdal fylke 2008.</p>	Innverknad på verdsarvområdet m.a. landskapsverknad av nye tiltak.
Ureining (utslepp til luft /klimagassutslepp, ureining av vaten og grunn, og støy)	<p>Ingen registrerte forureiningar med utslepp til luft, i grunn eller i sjøen i dag. Det er heller ikke nærliek til utsleppsområde for kloakk og frå landbruk.</p> <p>Kjelde: miljøstatus.no, grunnforurensingsbasen, Miljødirektoratet.</p>	Anleggsfasen – plassering av massar frå utsprenging av nye fjellhallar. Ulempe støv og slamming. Driftsfasen – rensing av prosessvatn frå oppdrett. Transportbehov og klimagassutslepp.
Vassmiljø, jf. vannforskriften	Ferskvassressursar i området i form av mindre bekkar/ elvar. I følgje vann-nett er den økologiske tilstanden i ytre del av Sunnylvsfjorden antatt å vere god.	Analyse av sjøvatnet, økologisk og kjemisk tilstand, straumforhold, resipientanalyse, bølgje-eksponering.
Jordressursar (jordvern) og viktige mineralressursar	Det er ingen jordressurser i området. Kjelde: GIS-link.no. Mineralforekomst, olivin. Registrert som nasjonalt viktig. Kjelde: GEO.ngu-no	Avklaring med mineralforvaltninga m.o.t ev. restverdi og avvikling.
Samisk natur- og kulturgrunnlag	Ikke relevant.	
Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar	Tilkomst via sjøvegen, hovudleia går midt i Sunnylvsfjorden. Det er etablert interne anleggsvegar på land. Kraftlinje til område via Eidsdal.	Energiforbruk og løysingar. Transportbehov til og frå anlegget, og internt.


Utgreiningstema/-fag	Kjent kunnskap	Utgreiingsbehov
Beredskap og ulykkesrisiko	Området ligg langt unna etablert busetnad. Ulykkesrisiko med konsekvens for omkringliggende omgjevnad er vurdert som lav som følge av sjølve tiltaket. Kjelde: Nordplan AS.	Vurdering av beredskap i driftsfasen ved anlegg, m.o.t skredfare Åkneset. Ved varsling om auka rørsle i fjellet, nedstenging av anlegget, og evakuering av tilsette.
Verknader av klimaendringar, risiko ved havnivåstigning, stormflo, flom og skred	NVEs aktsemdkart viser at området er potensielt utsett for jord- og flomskred, snøskred, steinsprang, flaum som følge av fjellskredrelatert flodbølgje, havnivåstigning og stormflo. Konsekvensanalyse fjellskred frå Åkneset. Dsb Risikoanalyse av varslet fjellskred i Åkneset, Krisescenarioer 2016. Beredskapsplan for fjellskred frå Åkneset, Fylkesmannen i MR 2016. Plan for befolkningsvarsling ved fjellskred. Åkneset og Hegguraksla, Åknes IKS 2018	Geologiske undersøkingar av skredfare, både med omsyn til utsprenging av hallar og etablering av utvendige bygg. Vurdering av aktuelle sikringstiltak.
Befolkinga helse og helsefordeling i befolkninga	Ikkje relevant. Tiltaket gir ingen negativ verknad for befolkninga sin helse. Det er stor avstand til etablert bebyggelse, og annan næringsverksemd. Tiltaket vil i liten grad gi negativ miljøpåverknad for nærmiljøet, og visa versa.	
Tilgjenge for alle til uteområde, gang-og sykkelvegnett	Ikkje relevant. Området blir ikkje alment tilgjengeleg. Adgangskontrollert.	
Barn- og unges oppvekstvilkår	Ikkje relevant.	
Kriminalitetsforebygging	Ikkje relevant. pga. produksjonsanlegg med adgangskontroll.	
Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet	Området er hovudsakleg ubygde. Her er nokre få anleggsbygg som truleg blir rivne.	Vurdering av verknad av ny bygningsmasse i forhold til verdsarvområdet.

Økosystemtjenester kan være produkter som mat, medisiner, fiber og brensel, men også fellesgoder som vannrensing, frisk luft, nedbryting av avfall, pollinering av planter, samt rekreasjonsverdier som utsikt og turterreng. Kjelde: store norske leksikon.

2 Planprogram

2.1 Plangrense

Planområdet er avgrensa inn mot Skrednakken i nord, Nonshammaren i sør, og Sunnylvsfjorden i vest. Mot aust går avgrensinga inn i verdsarvområdet. Dette omfattar gruvegangar under bakken.



Kart som viser planavgrensing. Grøn strek, grense verdsarvområdet. Eigdomsgrense er raud.

2.2 Plannivå for vidare planlegging

Etter drøftingar med kommunen og fylkesmyndighetene har ein kome fram til at den mest hensiktsmessige å utarbeide planen som områdeplan i samsvar med plan- og bygningslova § 12-2. Grunngjevinga for dette er vilkår om avklaring i overordna plan for å kunne nytte unntaksreglane i TEK 17 § 7.4 om bygging i område med flodbølgjerelatert fjellskred.

I rettleiar om reguleringsplanlegging går der fram følgjande:

«Det er fullt mulig at områdereguleringen detaljeres tilstrekkelig til at rammene for byggesøknader er ivaretatt og at detaljregulering derfor ikke er nødvendig.»

Det er ingått avtale med Fjord kommune og utbyggar om utabeidinga som områdeplan.

2.3 Utbyggingsformålet

Næringsformål – landbasert oppdrett av matfisk, settefisk og smolt

Anlegget er planlagt for produksjon av matfisk, settefisk og smolt. Fullt utbygd vil anlegget kunne produsere 100 000 tonn matfisk pr. år, og 20 millioner smolt pr. år som går til matfiskanlegget.

Anlegget er planlagt med tre ulike avdelingar:

1. Smoltanlegg 0-700 gram, utandørs resirkuleringsanlegg. Anlegg basert på ferskvatn gjennom avsalta sjøvatn.
2. Post-smoltanlegg 70-300 gram, plassert i fjellhallar. Om lag 48 kar på Ø16 meter. Gjenbruksanlegg.
3. Matfiskanlegg 300 gram – 5 kilo, plassert i fjellhallar, om lag 168 kar. Av desse ca 140 kar med gjennomstrømming og 28 kar gjenbruk.


Sjøvatn frå fjorden skal nyttast i anlegget og omgjera til ferskvatn i eit eige vassbehandlingsanlegg. Det er planlagt vassinntak i sjøen på om lag 80 meters djupne.

Slam og avfallsprodukt frå anlegget skal behandlast i eige biogassanlegg. Rensa prosessvatn vil bli slept ut på 20 meters djupne i Sunnylvsfjorden. Næraste oppdrettsanlegg i sjø er Opshaugvik. Ev. konsekvens for anlegget m.o.t utsleppet må vurderast nærmere når eksakt plassering er avklart. Faren for røming, spreiling av lakselus og fiskesjukdomar til villfisk og etablerte sjøanlegg er låg i eit landbasert anlegg. Det same gjeld problem knytt til algeoppblomstring i sjøen.


Bygningar og anlegg

Det landbaserte oppdrettsanlegget er tenkt etablert med fjellhallar, i tillegg til etablering av bygg på dagens planerte areal. Det må sprengast ut nye hallar. Retning og djupne på hallane er enno ikkje avklart. Fjellhallane vil kunne ha ei bredde på om lag 35 meter og høgde på om lag 20 meter. Etablerte olivingruvegangane kan vere aktuelle for støttefunksjonar som tekniske rom, mindre karavdelingar og liknande.

Det er aktuelt å etablere eit større bygg for smoltproduksjon på dagens planerte areal. Førebelse vurderingar legg til grunn eit utandørsbygg på om lag 18 500 m². Byggehøgda vil kunne bli mellom 15-20 meter. I planprosessen vil ein vurdere moglegheita for ulike avtrappingar av bygget mot fjorden, m.a. for å dempe høgdeverknaden frå sjøsida.



Illustrasjon som viser moglege løysingar. Retning på hallane vil bli avklart i planprosessen etter nærmere vurdering av geolog. Illustrasjon utarbeidd av Artec Aqua.



Dagens kaianlegg og småbåthamn vil bli vidareført. Det kan bli aktuelt å etablere ei eller fleire flytekaier, primært i sørleg del av tomta ev. også utvide eksisterande kai. Flytekaiene vil bli planlagt /dimmensjonert for fôr- og brønnbåtar som kjem til anlegget.

For nedbryting av slam og avfall frå fiskeproduksjonen er det aktuelt å etablere biogassanlegg. I tillegg kjem bygg for straum/trafo, lager av fiskefôr, inntak og avlaup / reinsestasjon for vatn, og andre støttefunksjonar. Ein del av funksjonane kan plasserast /byggast inne i fjellet.

Opplegg for energiforsyning til anlegget vil bli vurdert i planprosessen. Det er etablert kraftleidning frå Eidsdal til Røbbervika. Det vil bli vurdert om oppgradering av dagens tilførselsanlegg vil vere aktuelt, ev via kabel i fjorden.

Truleg kan anlegget få opp mot 100 tilsette. Det vil vere behov for døgnkontinuerleg vakt på anlegget. Det vil derfor bli etablert administrasjonsbygg med rom for overnatting. Ev. eige bygg for overnatting.

Transport

Transport til anlegget vil skje via sjøvegen. I driftsfasen vil det bli transport av fôr i eigne båtar, og fisk via brønnbåter. Arbeidrar ved anlegget vil bli frakta til og frå via skyssbåt.

I anleggsfasen kan det bli aktuelt å skipe ut anleggsmaskiner og utstyr via kaia på Ovråneset, alternativt via Linge ferjekai.

Det kan etter kvart bli aktuelt at all trafikk vil skje med utsleppsfrie båtar, og at intern trafikk på anlegget vil skje med elbilar.

Anleggsfasen

Det vil bli store mengder overskotsmasser i samband med utsprenging av fjellhallane. Ein del av massene vil bli brukt i samband med internplanering på land. Deler av landarealet må hevast for å sikre mot stormflo og havnivåstigning.

Det må utarbeidast plan for handtering av overskotsmassenen, men det kan bli aktuelt å vurdere dumping av store deler av massene i fjorden. Ved ev. dumping i fjorden må ein kartlegge nærmere konsekvensar for marint biologisk mangfald med tanke på verknad av nedslamming, sprengstoffrestar og liknande. Tiltak for å avgrense ev. skadverknader vil bli ein del av utgreiingstemaet.

Som nemnt ovanfor er det stor avstand til nærmeste busetnad. Det er derfor ingen naboar som vil bli råka av støy og støvplager.

3 Program for konsekvensutgreiing

3.1 Metode

Som metode for konsekvensutgreiinga skal ein legge til grunn miljøverndepartementets rettleiar M1324, 2019 Konsekvensutredninger: Anerkjent metodikk og databaser for innlegging av data. Statens vegvesens handbok V712 konsekvensanalyser. Verdsarv innskrivningsgrunnlaget og erklæring om framståande universelle verdiar, og whc.unesco.org. Internasjonale rettleiarar, norsk versjon, frå IUCN (natur) og ICOMOS (kultur).

3.2 Skildring av tiltaket

Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette areal for utbygging av landbasert oppdrettsanlegg i Røbbervika, med tilhøyrande støttefunksjonar.

Innanfor området skal det etablerast om lag 17 fjellhallar med høgde om lag 22 meter og breidde 36 meter. I hallane vil det bli etablert ulike oppdrettskar og funksjonar knytt til oppdrettsdrifta.

På utsida av tunnelane vil det bli etablert ulike bygningar knytt til administrasjon, overnatting, vassbehandling, reinseanlegg, føranlegg, energiforsyning, kaianlegg og internvegsystem.

Planforslaget skal avklare omfang av byggearal, formål, byggegrense, utnyttingsgrad, byggehøgder, og ev. omsynssoner.

3.4 Konsekvensutgreiingstema

Naturmangfold	Undersøking	Kva skal utgreia?
Naturtypar og artsforekomster i planområde.	Marint biologisk mangfold	<p>Kartlegging av marint biologisk mangfold langs sjøfronten, verknad for stortare-forekomst.</p> <p>Vurdering av situasjon ved vassinntaks- og utsleppsområda.</p> <p>Vurdering av konsekvensar for marint biologisk magfald ved ev. dumping av steinmassar i fjorden (støv/ nedslamming).</p> <p>Vurdering av ev. påverknad på registrert serpentinfuruskog.</p> <p>Vurdere ev. verknad på dyreliv og artar av kunstig lyssetting av eit større område i fjorden som i dag er mørklagt.</p>
Verdsarv	Undersøking	Kva skal utgreia?
Tiltaksområdet grenser til Verdsarvområde. Massetaksområde er halde utanfor verdsarvområdet	<p>Ev. supplering biologisk mangfold.</p> <p>Ev. marine kulturminner.</p>	<p>Status for området på innskrivingstidspunktet for verdsarv. Vurdere situasjonen i dag i forhold til innskrivingstidspunktet. O-alternativet skal vurdere forholdet mellom attendeføring/ restaurering av gruveområdet utan oppdrettsanlegg, og det planlagte anlegget.</p> <p>Mogleg verknad på «Dei framståande universelle verdiane» som ligg til grunn for verdsarvstatusen skal vurderast for kvar einskild verdi og på heilskapen. Verdiane femnar breidt og omfattar både visuell oppleving, geologi, vassdrag, plantear og dyreliv og kulturarv. Verknad frå næringaktivitet på verdsarvområdet m.o.t støy og lyssetting.</p> <p>Vurdering av landskapsverknad ma. kor synleg blir det planlagde tiltaket, verknad av ny bygningsmasse. Vil tiltaket påverke stadens karakter og bryte med dagens landskapskvalitetar. Både nær og fjernverknad skal illustrerast.</p> <p>Vurdering av om utbygginga er foreinleg med det langsigting målet om å bevare verdsarvområdet sin framifrå universelle verdi for framtidige generasjonar.</p> <p>Vurdere ev. avbøtande tiltak, og fastsette byggegrense.</p>

Ureining	Undersøking	Kva skal utgreia?
Utslepp til luft/klimagassutslepp, ureining av vatn og grunn, og støy.	Miljøtilstand - økologisk og kjemisk tilstand i sjøvassforekomsten. Resipientundersøking	Rensemønster for slam og avfall fra fiskeoppdrettet, konsekvens i utsleppsområdet ev. påverknad for nærliggende sjøbasserte oppdrettsanlegg og lakseførande elvar. Kloakkloyning. Påverknad av slam/støv mv. ved ev. dumping av utsprengde fjellmassar i sjøen, inkludert vurdering av avbøtande tiltak.
Vassmiljø	Undersøking	Kva skal utgreia?
Sjø Drikkevatn	Straumanalyse for sjøområdet. Vassprøve.	Straumtilhøva inn og ut av fjorden, i og ved planområdet, m.o.t påverknad frå/til andre anlegg i sjøen. Inntak og utsleppspunkt. Drikkevasskvalitet i lokal kjelde, med ev. metode for rensing.
Mineralressursar	Undersøking	Kva skal utgreia?
Olivin		Avklare med direktoratet for mineralforvaltning forhold knytt til bergressursane, og til massuttak ved utsprenging av nye tunnelar. Gjennbruk av nedlagt olivingruve. (Ikke driveverdig ma. pga. dårlig kvalitet på olivinstenen)
Massehandtering	Undersøking	Kva skal utgreia?
Utsprengde tunnelmassar	Geologi og geoteknikk	Omfang og type fjellmassar. Bruk og handtering av massar i planområde, og plan for handtering av overskotsmassar. Driftsplan for uttak av massane. Påverknad av slam/støv mv. ved ev. avrenning til sjøen, inkludert vurdering av avbøtande tiltak.
Energi	Analyse	Kva skal utgreia?
Energiforbruk og energiløysingar	Systemanalyse for el-forsyning	Energibehovet skal avklarast. Ulike løysingar for tilknyting til eksisterande 132 kV nett. Avklaringar av kapasitet i overliggande nett og kva tiltak som ev. er nødvendig. Avklare plassering for ny stasjon, og vurdere trasè for sjøkabel. Vurdere risiko ved drift av stasjon utan vegsamband. Behov for reserveløysing td. nødstraumsageregat e.l.
Transportbehov	Undersøking	Kva skal utgreia?
Transport til planområdet og internt på området.		Opplegg for transport av arbeidarar til og frå anlegget. Transportomfang(fiskefør, brønnbåtar, anna gods) og størrelse på skip. Konsekvens for auka trafikk i skipsleia. Interntrafikk på anlegget, behov og omfang. Type transportmiddel, og driftstoffbehov.

Flaum og skred	Undersøking	Kva skal utgreiast?
Skred Fjellskredrelatert flodbølgje. Havnivåstigning og stormflo.	Geologiske undersøkingar	Farevurdering av alle typar skred i planområdet. Stabilitetsvurdering av dagbrotsområdet. Vurdering av fjellkvalitet, risikobilde ved utsprenging av tunnelar. Optimal retning på nye tunnelar. Avklare ev. farer og mogleg ny bruk av eksisterande tunnelar. Behov for sikringstiltak både i tunnelar, og for utvendig landareal. Vind og bølgjepåverknad m.o.t havnivå/stormflo. Risikoklasser for byggverk innanfor planområdet.
Beredskap og ulykkesrisiko	Analyse	Kva skal utgreiast?
Knytt til drifts- og anleggsfasen på anlegget.	Risikoanalyse Beredskapsplanar	Risikovurdering av brann og ulykke på anlegget. Vurdere risiko for storulykke (biogassanlegg), og akutt forureining (td. drivstoff). Aktuelle tiltak for personredning og skadebegrensing. Aktuelle tiltak som ivaretar miljøet, fiskevelferd, smittehygiene og reduserer økonomisk tap ved auka risiko og heva farenivå for skred frå Åkneset. Plan for evakuering og tryggleikstiltak for personell ved anlegget.
Samfunnsverknad	Undersøking	Kva skal utgreiast
For kommunane Fjord, Stranda og Sykkylven		Mogleg sysselsettingseffekt, betydning for handel/servicenæringer, tilflytting, aktivitet i fjorden. Samla verknad av planen i forhold til gjennomførte, vedtekne planar eller tiltak i influensområdet.

3.5 Ros-analyse

Ros-analysen vil bli avstemt i forhold til konsekvensutgreingstemaene ovanfor, og elles utført i samsvar med gjeldande regelverk.

4 Planprosess

4.1 Medverknad

Det er gjennomført møte med regionalt planforum i planprogramfasen for å avklare regionale føringer i planarbeidet.

Det vil bli gjennomført felles folkemøte med Fjord kommune og Stranda kommune i planprosessen. Vidare er det aktuelt å gjennomføre møte med nasjonalparkstyret for Geiranger-Herdalen landskapsvernområde, og sekretariatet for verdsarvrådet for å få ein dialog omkring landskapsverdiar.

Planarbeidet vil bli kunngjort i aviser og på kommunens og Nordplans nettsider, og partar vil bli varsle via brev og e-post,

Aktuelle høyringspartar :

- ✓ Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- ✓ Møre og Romsdal fylkeskommune
- ✓ Fiskeridirektoratet
- ✓ Kystverket
- ✓ Direktoratet for mineralforvaltning
- ✓ NVE
- ✓ Stranda hamnevesen
- ✓ Stranda kommune
- ✓ Sykkylven kommune
- ✓ Mattilsynet
- ✓ Tafjord Kraft
- ✓ Nasjonalparkstyret for Geiranger-Herdalen
- ✓ Verdsarvrådet vestnorsk fjordlandskap, sekretariatet
- ✓ Miljødirektoratet, seksjon for verneområder
- ✓ Lokale fiskarlag
- ✓ Reiselivsorganisasjonar

4.2 Framdriftsplan

Førebels ser framdriftplanen slik ut:

Prosess	Tidsperiode
Utkast av planprogram til fylkesinnstane	Medio september
Planforumsmøte	30. september
Politisk behandling av planprogram	Oktober
Varsel om oppstart/høyring av planprogram 6 veker	November - desember
Behandling av merknader	Januar/februar 2021
Politisk vedtak av planprogram	Februar
Utarbeiding av reguleringsplan og KU	Mars – juni
Politisk behandling, høyring og offentleg ettersyn 6 veker	August – september
Behandling av merknader	Oktober
Politisk behandling	November/des.
Vedtak	Desember / januar 2022

Framdriftsplanen vil avhenge av kommunens saksbehandlingstid, omfang og typer av merknader som kjem inn, bestilling og utarbeiding av fagrapportar mm.

4.3 Kunngjering og merknadsfrist

Varsel om oppstart av planarbeid og utlegging av planprogram til høyring blir kunngjort på heimesida til Fjord kommune, i Storfjordnytt og i Sunnmørsposten.

Frist for å sende inn merknader og innspel til planprogram og planarbeidet er 6. veker frå kunngjeringsdato.

